



Marit Larsen (midten bak) er prosjektmedarbeidar i mentorprogrammet til Kvinneovasjon i Suldal. Her omgitt av nøgde kvinner.

Vil hausta frukter

Midtvegs i mentorprogrammet samlar sju svært nøgde deltakarar seg til evaluering. – Dette er så mykje meir enn inspirasjon, seier ein av deltakarane.

Gro Helland

Marit Larsen, som er prosjektmedarbeidar i mentorprogrammet til Kvinneovasjon i Suldal, seier seg svært nøgd med det første halve året av opplegget. – Mange av dei som har fått rettleiing av ein mentor har allereie konkrete planar om kva dei vil arbeida vidare med, seier Larsen.

Alle tener på samarbeidet

For deltakarane har programmet blitt eit verkøy for nyskaping i etablerte bedrifter, meiner ho og viser til at mentorane er ein dørøpnar og eit middel til å opna kunnskapsområdet for deltakarane. Men mentorane har òg lært, dei er blitt meir bevisste på eigen kunnskap, understrekar ho. Medan den første halvdel av programmet er konsentrert om samtalar, går dei deltakingande bedriftene nå over i ein meir praktisk del av programmet, forklarar Larsen. – Me byrjar nå og haustar fruktene seinare, seier Larsen.

Viktig fellesskap

Larsen har sett at mange kvinnelege næringsdrivande ofte er einsame om utfordringane i bedrifta si. Kompetente samtalepartnarar er derfor gull verd.

– Ofte ser ein ikkje skogen for berre tre. Det hjelper å snakka med nokon som kan stilla spørsmål om kva ein eigentleg driv på med, for å finna ut kva ein skal setja fokus på for å komma vidare, seier ho. Larsen understrekar i tillegg kor viktig det er å kunna synleggjere seg og diskutera be-

Mentorprogram

Eit program som ligg under Kvinneovasjon. Ti månadar med strategisk rettleiing for kvinnelege leiingar og bedriftsleiingar. Rettleiinga inneber 30 timar samtale fordelt på to-tre timar med dialog ein gong i månaden. Mentorane er aktørar innan næringslivet i regionen.

Kvinneovasjon

Eit nasjonalt program for å få fleire kvinner til å starta opp bedrifter, som er sett i gang av kommunal- og regionaldepartementet, og som har mål om at bedriftene skal få fleire tilsette og større omsetjing. Programmet er nyleg vedtatt forlenga frå 2010 til 2013.

drifta si i større fora. Noko av den treninga får deltakarane gjennom programmet. – Det handlar om mot, seier Larsen. Og ho får støtte av Ingebjørg Vik Laugaland, som meiner kvinner må slutta å omtala bedrifta si som noko dei putlar på med ved kjøkkenbenken og tvert om stå fram og vera stolte av produkta som vert levert.

Dyktige kvinner

Næringsleiara Laila Steine meiner det bør stå kvinner bak 40 prosent av nyetableringane i næringslivet. Kvinnelege næringsdrivande er minst like flinke som menn i same situasjon, og ho ser ingen grunn til at dei ikkje skal vera meir synlege i næringslivet. Derfor ønskjer ho å hjelpa til med å motivera fleire kvinner til å starta eiga bedrift. Ho vil også gjerne vidareføra mentorprogrammet når det første er ferdig i juni, og i tillegg meiner ho at såkalla vekstgrupper for etablerte næringsdrivande bør setjast i gang. Gjerner som

Kva har mentorprogrammet betydd for deg?



Bente Kjos Venjum, dagleg leiar ved Norsk plan as

– Det har vore voldsomt kjekt. Mentoren min stiller svært gode spørsmål, og ho hjelper meg til å sjå korleis bedrifta ser ut utanfrå. I tillegg er ho god å snakka med og stiller spørsmål ved ulike saker som ingen andre gjer. Me arbeider med tema frå gong til gong og konsentrerer oss mest om rekneskap, nye salsområde og kundar.



Bente Thurmann-Nielsen, reiselivsbedrifta Tiramisu

– Mentoren min er frå Stavanger og svært kompetent innan reiseliv. Det å kunna diskutera uavbrote eit par timar ein føremiddag med henne, er reine luksus for meg. Me har konsentrert oss om marknadsføring og sal, og eg er komme svært godt i gang med det eg driv på med, seier ho.



Marianne Melby, driv Skohjørna på Sand

– Eg synest det er kjempebra å ha ein mentor. Eg får det vesle sparket bak som eg treng for å komma i gang med det som elles er lett å utsetja. Mentoren min er ikkje frå same bransjen som eg driv innan, men det trur eg berre er positivt for min del.



Solveig Sukka, planlegg bedrift innan reiseliv

– Eg held på å utvikla noko heime på garden. Garden driv me ikkje lenger og produktet er uferdig, men likevel langt meir ferdig enn det var då eg byrja på programmet. Eg tykkjer dette er eit svært greitt tilbud.



Ingebjørg Vik Laugaland, Laugaland tur og trivsel

– Mentorprogrammet er udelt positivt. Eg har ein godt budd mentor som stiller gode og klargjerande spørsmål og hjelper meg til å spissa og tydeleggjere verksemda mi. Bedrifta mi kjempar mot mange roller i livet mitt, og det er svært viktig for meg å løfta Laugaland tur og trivsel langt fram i den rekkja. Eg vil seia at mentorane har vore viktigare enn ein inspirasjon, det hjelper meg å komma vidare i arbeidet med bedrifta mi.



Hanne Lund-Johansen, Fargeriet

– Eg er kommen i gang og fått ei oversikt på bedrifta. Me har løfta på steinar og fått oversikt over sterke og svake sider og byrja å jobba med nokre område. Men dette skal jo halda på til juni, så det er ennå god tid. Men mentorprogrammet gir impulsar og motivasjon.



Ragnhild Roalkvam, Ragnhilds garn og barneklær

– Eg likar dette opplegget svært godt, særleg samlingane der me får treffast og snakka saman. Eit felles rekneskapskurs der me sat saman og diskuterte og løyste oppgåver var også svært bra.

ei vidareføring av deltakarane frå mentorprogrammet. – Kva med oss, spør mange menn. Til det svarar Steine at menn dessverre ikkje kan delta i kvinneovasjonsprogrammet og peikar på at det er

færre kvinner enn menn som etablerer bedrifter, og at kvinneovasjon derfor er kjempeviktig. Kvinner etablerer bedrifter på ein annan måte enn menn, og dei treng ei anna draghjelp enn menn.